

DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Midhordland

Pb. 209, N-5202 OS

TLF. 56 57 24 05 * 48096093 * e-mail: sigurd.vengen@os-sokn.hl.no * FAX: 56 57 24 01

Midhordland Prostråd bankgiro: 373631.50.48413

med Gud og godt humor

Det Kongelige Kultur- og Kyrkjedepartement
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

dok 90

Kontrollnummer	
200604669	22.11.06
Kode <i>ki-501</i>	Beh.

Vår ref.: 008.0 103 - 2006

Deres ref.:


Datert: 21.11.06

Høringsfråsegn Stat - kyrkje

Vedlagt følger høringsfråsegn frå Prosten i Midhordland, Bjørgvin.

Venleg helsing
PROSTEN i MIDHORDLAND

Sigurd Vengen
Sigurd Vengen



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Midhordland

Pb. 209, N-5202 OS

TLF. 56 57 24 05 * 48096093 * e-mail: sigurd.vengen@os-sokn.hl.no * FAX: 56 57 24 01

med Gud og godt humør

Det Kongelege Kultur - og Kyrkjedepartement
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Høyring: Staten og Den norske kirke - NOU 2006:2

Høyringsfråsegn frå Prosten i Midhordland

Namn på høyringsinstans: Type høyringsinstans

- | | |
|-------------------------------------|---|
| ☐ | Kommune |
| ☐ | Sokneråd/kyrkjeleg fellesråd/bispedømmeråd |
| ☒ | Prost/biskop |
| ☐ | Trus- eller livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja |
| ☐ | Frivilleg organisasjon innanfor Den norske kyrkja |
| ☐ | Annan offentlig instans |
| ☐ | Annan privat instans |

Innleiing

Spørsmålet om statskyrkjeordninga har vore til drøfting og utgreiing i svært lang tid. Gjønnesutvalet si innstilling fører vidare tidlegare utgreiingar, og utmerkar seg med si breide samansetting, balanserte drøfting og samlande konklusjonar. Særleg med tanke på at det kan vere knytta knytta sterke og uavklara kjensler til spørsmål som gjeld kyrkje, tru og religion, er det ein stor fordel at utvalet har søkt semje og konsensus. Generelt vil eg gi tilslutning til Gjønnesutvalet sitt markante fleirtal, og ros til arbeidsmåten i ei så kjenslevar sak. Nettopp fordi saka har ein slik karakter, eignar den seg svært dårleg til ei folkerøysting. I tillegg kjem det faktum at minoritetane vanskeleg ville kunne gjere seg gjeldande ved ei folkerøysting.

Gjønnesutvalet legg opp til å ta vare på samanheng og kontinuitet i å la Den norske kyrkja halde fram som ei levande folkekyrkje, og samtidig gi rettkomme rom for andre trus- og livssynssamfunn sine interesser.

Saka som er utgreidd og på høyring gjeld det norske samfunnet sitt tilhøve til religion og livssyn generelt og Den norske kyrkja spesielt. Spørsmålet er m.a.o. kva religionspolitikk som skal førast i eit fleir-religiøst samfunn med ein sterk statskyrkjeleg tradisjon. Spørsmålet gjeld såleis ikkje primært og einsidig indrekyrkjelege reguleringsproblema av Den norske kyrkja. Dei fleste av slike spørsmål er då også for lite og uferdig utgreidd i NOU 2006:2. Eg forstår høyringsproblema i samsvar med dette, og at ein legg opp til ei prinsipiell og overordna avklaring og avgjerd.

1. Kva overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken?

I tilslutning til hovudsynspunkta i utgreiinga vil eg nemne tre overordna synspunkt på kva trus- og livssynspolitik ein bør føre i vårt land:

1. Reell religionsfridom og prinsipiell sidestilling av trus- og livssynsamfunn.

Trus- og livssynsfridom er ein grunnleggande menneskerett, uttrykt i internasjonale menneskerettserklæringar og nedfelt i Grunnlova og trussamfunnslova. Det er likevel ei indre spenning i Grunnlovas §2 som hevdar statskyrkje og religionsfridom. Særleg problematisk er Grunnlovas §12 om vedkjenningsplikta: minst halvparten av statsrådene må vere medlemmer av Den norske kyrkja for å sikre eit formelt grunnlag for Kongens kyrkjestyre. Religionsfridomen er ufullstendig om nokon må tilhøyre eitt bestemt trussamfunn for å kunne verte medlem i regjeringa.

Den norske kyrkja må som majoritetskyrkje vere særleg oppteken av å møte andre trussamfunn med respekt, og lytte til deira erfaringar. Gjennomgåande blir det uttrykt frå dei ulike trus- og livssynssamfunn ei oppleving av å kjenne seg diskriminerte på grunn av den sjølvmotseiing som m.a. finst i Grunnlova.

2. Alle trus- og livssynssamfunna sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære.

Dette er generelt viktig, men særleg for Den norske kyrkja. Kongens kyrkjestyre under parlamentarismen vilkår har ikkje sterk nok kyrkjeleg legitimitet. Som Gjønnnes-utvalet peikar på er dette i praksis eit politisk organ. Stortingspolitikarane er valde for å styre landet, ikkje Den norske kyrkja som trussamfunn. Vi sluttar oss til Kyrkjemøtevedtaket frå 2000: "*Kirkemøtet mener at utnevning av biskop prinsipielt hører inn under de oppgaver som tilligger organer som har sin basis i kirkelige valg. Utneving av biskoper og proster bør derfor overføres til organ som har sin basis i kirkelige valg.*" (sak 16/00), og viser også til FN si erklæring om religionsfridom (1984, artikkel 6g) og FN sin menneskerettskomite (General comment nr. 22, 1993) om trussamfunn sin rett til å velje sine egne leiarar. Det er prinsipielt urett at eit trussamfunn vert direkte styrt av staten.

3. Staten bør ha ein aktivt støttande religionspolitikk.

Det blir i dag ført ein aktiv og støttande religionspolitikk som bør halde fram og utviklast vidare. Trus- og livssynsfridom bør sikrast ved at det blir gitt rammevilkår som set trus- og livssynssamfunna i stand til å utøve si verksemd i samsvar med sin eigenart. Støtte må bli gitt på prinsipielt like og ikkje-diskriminerande vilkår. Dette hindrar ikkje at det norske samfunnet av historiske og oppslutningsmessige grunnar fører vidare Den norske kyrkja sine nasjonalkyrkjelege funksjonar.

2. Den norske kyrkja som statskyrkje:

☐

Bør halde fram

☒

Bør avviklast

☐

Veit ikkje / ønskjer ikkje å svare

Uttrykksmåten: "*avvikle statskirken*" er uheldig og kan vere direkte misvisande. Det er statens styre av Den norske kyrkja som evt. skal avviklast, og erstattast med eit anna. Med ei lovforankra folkekyrkje (jfr. neste spm.) vil det framleis vere ei offentleg tilknytting gjennom eiga kyrkjelov og offentlege finansieringsordningar.

Vi gir vår tilslutning til at statskyrkjeordninga i noverande form blir avvikla, og endra relasjonar mellom staten og Den norske kyrkja etablerte. Dette må skje slik at Den norske kyrkja framleis får vere ei open og landsdekkande folkekyrkje, utan at andre trus- og livssynssamfunn opplever at dei vert diskriminerte.

Med si historiske forankring, formande kulturkraft og relativt store tilslutning og sterke stilling også i dagens samfunn, er det naturleg at tilhøvet mellom Den norske kyrkja og staten vert regulert i ei eiga lov, men dette er ei pragmatisk løysing meir enn ein prinsipiell grunngeving.

3. I kva lov bør Den norske kyrkja vere forankra

- ☐ Grunnlova
- ☒ Eiga kyrkjelov vedtatt av Stortinget
- ☐ Lov om trussamfunn
- ☐ Veit ikkje / ønskjer ikkje å svare

På grunnlag av dei prinsipielle vurderingane i sp. 1 og 2, gir vi vår tilslutning til fleirtalet si Gjønnesutvalet sin modell: *"lovforankra folkekyrkje."* Nemninga kan nok ha sine minus-sider, men modellen tek vare på både religionsfridomsprinsippet og ei vidareføring av Den norske kyrkja som ei nasjonal folkekyrkje. Ei eiga kyrkjelov, vedteken av Stortinget, vil måtte vere ei kortfatta rammelov, som sikrar og tydeleggjer at Den norske kyrkja er den same, men har endra sin relasjon til staten. Den norske kyrkja blir eit eige rettssubjekt, som ved sine valde styringsorgan fastset si kyrkjeordning, og utnemner biskopar og prostar og prestar. Ein bør vurdere om det er ønskeleg å forankre ei slik særlov i ein nyformulert verdiparagraf (jfr. sp. 6). Den norske kyrkja vil få tilsvarande stilling til den norske staten som Den svenske kyrkja har til den svenske staten, og ei prinsipielt viktig markering av reell jamstilling av alle religionar og livssyn i høve til gjeldande statskyrkjeordning. Somme har hevda at ei særlov for Den norske kyrkja vil kunne påklagast til Menneskerettsdomstolen i Strasbourg av minoritetar som måtte ha interesse av det. Spørsmålet bør bli avklara, og dei nødvendige juridiske sikringar av minoritetane sine rettar gjennomførte.

4. Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?

- ☐ Gjennom medlemsavgift
- ☐ Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- ☐ Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- ☒ Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- ☐ Veit ikkje / ønskjer ikkje å svare

Den norske kyrkja har vore offentleg finansiert så lenge det har vore ein del av den offentlege forvaltning. Hovudinndeling har vore at prestane har vore finansiert direkte gjennom statleg løyving, medan utgiftene til kyrkjebygg, ulike medarbeidarar som kantor, klokkar, administrativt personell, osb. har vore finansiert gjennom kommunane. I realiteten var kommunen "styre i den lokale kyrkjekasse" fram til 1997. Finansieringa har vore del av det generelle skattegrunnlaget og har som dei fleste skattar ikkje vore synleggjort. Slik dette har fungert har det vore ei generell livssynsavgift i deet andre kyrkjesamfunn / livsynssamfunn har fått tilsvarande tilskot til si verksemd som Den norske kyrkja får.

Det er ein lang og sterk tradisjon at kyrkja sjølve gjennom offer, aksjonar og gjevarteneste samlar inn midlar til misjons- og bistandsarbeid, lokalt kyrkjelydsarbeid og andre formål. Dette vil måtte halde fram og vere ein naturleg del av eit kyrkjeleg engasjement og teneste for kyrkjelyden. Finansiering må vere slik at den norske kyrkja framleis skal kunne dekke folk si trong for kyrkjelege tenester i heile landet, og framstå som ein landsdekkande folkekyrkje. Det må takast omsyn til den trong kyrkja har for å syte for tilstrekkeleg dåpsopplæring av alle døypte og at kyrkjelydane kan ha eit tilstrekkeleg tall gudstenester.

Mange av våre kyrkjer representerer viktige kulturskattar både frå mellomaldertid og nyare tid. Storsamfunnet må ta ansvar for den kulturarv som kyrkjebygga i seg sjølve representerer. Vi må

unngå ein situasjon der vedlikehaldskostnader hindrar drift og utvikling av det aktuelle kyrkjelydsbyf\ggande arbeidet. Dei særlege utfordringar med drift- og vedlikehald av kyrkjebygga må sikrast ein trygg og føreseieleg finansiering.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga blir avvikla?

- ☒ Valordningane bør vere som i dag
☐ Auke bruken av direkte val til kyrkja sine styrande organ
☒ Veit ikkje / og ønskjer å svare
☐ Eventuelle andre ordningar

Spørsmålet om valordningar er berre nokså kortfatta drøfta av utvalet (s. 109-111), og ulike alternativ er ikkje utgreidde. Utvalet nøyer seg med å understreke at det er trong "*for tiltak som styrker både valgdeltakelse og representativitet*" (s.13). Fleirtalet konkluderer med at dette "*en internkirkelig utfordring,*" medan eit mindretal på 4 tilrår å innføre "*en kombinasjon av direkte og indirekte valg til fellesråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet*" (s. 114).

Det ligg såleis ikkje føre framlegg til endringar i valordningane, og då er det heller ikkje mogeleg å ta stilling til noko alternativ. Eg har difor tillate meg både å krysse av for tilslutning til dagens valordning, alternativ a, men også for det tredje alternativet: *Veit ikkje*, som eg har justert til: *Veit ikkje, men ønskjer å svare*.

Eg har følgjande synspunkt:

1. Spørsmålet om auka valdeltaling har stått på dagsorden i mange år, og ulike forsøk har vore sette i verk. Erfaringane frå desse forsøka må brukast i arbeidet med å utvikle nominasjons- og valgordningar. Valordninga er grunnleggande demokratisk, men deltakinga for lita. Dette tyder på at nominasjonsprosessen må forbetrast for slik å skape interesse for valet.
2. Gjønnesusvalet påpeikar med rette at kyrkjedemokrati ikkje utan vidare er identisk med eit borgarleg demokrati (s.109). Kyrkjelege val har dåpen som grunnlag og styringsorgana er forplikta på læregrunnlaget og oppdraget til kyrkja (jfr. t.d. kyrkelova § 28)
3. Den norske kyrkja har ei såkalla synodal kyrkjeforståing, der dei ulike kyrkjedemokratisk valde rådsorgana også har sin(e) ordineret(e) representant(ar): prest, prost, biskop. Dette samsvar med den sjølvforståinga Den norske kyrkja har på grunnlag av sine vedkjenningskrift. Ei lovforankra folkekyrkje må vidareføre dette.
4. Sidan soknet er grunneininga i kyrkja, er det med rette direkte val til soknerådet. Valordninga her må vitaliserast og styrkast. Kyrkjeordninga og kyrkjestyret kan ikkje ha sitt utgangspunkt i enkeltmedlemmer sine interesser, men i det lokale kyrkjelydsfellesskapet. Det er difor ikkje sakssvarande å ha direkte val til t.d. Kyrkjemøtet. Det er soknet sin representativitet som må ivaretakast i regionale og nasjonale kyrkjeråd.

6. Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- ☐ Ingen tillegg
- ☐ Dei politiske prinsippa som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettane
- ☒ Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ Det humanistiske verdigrunnlaget
- ☒ At Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje
- ☐ Veit ikkje / ønskjer ikkje å svare
- ☐ Eventuelt anna

Det vil vere tenleg og identitetskapande for det norske folket å synleggjere sitt verdigrunnlag. Eg vil gi mi tilslutning til fleirtalet i Gjønnnes-utvalet sitt framlegg til verdiparagraf: *"Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag."*

7. Kvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?

- ☒ Den lokale kyrkja (sokneråd eller kyrkjeleg fellelsråd)
- ☐ Kommunen
- ☐ Veit ikkje / ønskjer ikkje å svare

Gjønnnesutvalet sitt fleirtal (17) går inn for å legge den offentlege gravferdsforvaltninga til kommunen, medan eit mindretal (3) tilrår den ordninga som kyrkelova av 1996 stadfesta og vidareutvikla. Fleirtalets hovudargument er at gravferdsforvaltning er *"en allmenn oppgave som må ivaretas av det offentlige"* (s. 138). Tilrådinga er likevel ikkje meir prinsipielt forankra enn at ein meiner kommunen fritt må kunne inngå avtale med Den norske kyrkja om å overføre oppgåva til kyrkjeleg fellelsråd.

Mot framlegget kan det hevdast: Det er sterke erfaringsbaserte argument for å halde på noverande ordning. Ei nokså fersk undersøkjing viser at brukarane er svært nøgde med gravferdsforvaltninga, ja, faktisk er det inga annan offentlig teneste som scorar høgare. Det er få eller ingen klager på denne tenesta, t.d. frå andre trus- eller livssynsamfunn.

Gravferdstenestene krev høg kompetanse innan det grøntfaglege- og ulike tekniske fagområde, men også når det gjeld kultur, religion, ritual, symbol, sorg og krise. Nettopp på grunnlag av den kompetanse kyrkjelege medarbeidarar har, vil det i noverande kultursituasjon vere slik at kyrkjeleg forvaltning av gravferdstenesta skaper stor tryggleik og tillit. Den livssynsmessige forankringa er ikkje eit problem, men ein ressurs i møte med alle brukarane.

Driftskostnadane er relativt lave t.d. i samanlikning med andre nordiske land. Éi årsak er truleg rasjonell drift med bruk av kombinasjonsstillingar for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar. I tillegg er plasseringa av gravstaden i høve til kyrkjehuset eit tungvegande argument. I praksis er det tale om eitt anlegg. Dersom kommunen skal eige og drifte gravstaden vil det lett nok kunne oppstå motsetningar i høve til bruk av kyrkjehuset, som er kyrkjelydens eigedom.

8. Kven bør eige og forvalte kirkebygga?

- ☐ Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret
☒ Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
☐ Kommunen bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret
☐ Veit ikkje / ønskjer ikkje å svare

Det er påfallande at høyringsbrev har eit alternativ 3 med spørsmål om kommunen bør vere kyrkjeieigar. Spørsmålet er ikkje reist i utgreiinga og det har alltid vore soknet som har vore eigar av kyrkjene, med unnatak ein periode da kyrkjene var i privat eige. Rett nok er fleire kyrkjer ført i grunnboka som kommunalt eigedom, men det var kommunen som kyrjekasse som forvalta desse på vegne av soknet. Det er soknet som er eigar av kyrkja/kyrkjene i soknet. Dette må forvaltast av det organ som soknet tillegger slik fullmakt.

Lokalsamfunnet sitt engasjement og nærhet til kyrkjebygga har vore viktig for bygda/grenda si identitet og eigarengasjement. Det er derfor rimeleg at kommunen også framover har det finansielle ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjene. Samstundes må det sikrast at særleg kostnadskrevjande kyrkjebygg (t.d. verna kyrkjebygg) får ein finansiering ved sidan av det den lokale kommune må forventast å ta ansvar for.

Os 20.11.06

Venleg helsing
PROSTEN i MIDHORDLAND


Sigurd Vengen